

# **Årsmøte 24. mars 2010**

## **Vennelaget for Lensmannsgarden**

### **Arbeidsprogram for 2010**

Hå kommune har akseptert Vennelaget sitt tilbud om å ta på seg oppgåva med å utføra rehabiliteringsarbeidet på løa slik dette er gitt i Vennelaget sitt forslag til vidareutvikling av Lensmannsgarden 26.08.2008 (inkludert byggjeleing). Vennelaget vil gjera arbeidet innafor eit budsjett på 2,87 mill kr eks mva. Vennelaget vil, innafor dette budsjettet, gjera praktiske justeringar i val av løysingar ved gjennomføringa av rehabiliteringsarbeidet. Delar av arbeidet vil verta gjort på dugnad.

Arbeidsprogram:

1. Utføra det innvendige rehabiliteringsarbeidet i løa
2. Utarbeida plan for innreiing og utsmykking
3. Fullføre arbeid med presentasjon av innsamla historisk materiale frå Lensmannsgarden.
4. Utarbeida langsiktig og kortsiktig arbeidsprogram
5. Verve medlemmer til Vennelaget

Styret vil utføra arbeidet ved bruk av ulike komitear for dei ulike oppgåvene, m.a. komité for byggjeleing, komité for organisering av dugnadsarbeid og komité for innreiing og utsmykking, komite for innsamling av historisk materiale og komite for medlemsverving.